



# HOGAÅSEN BUSTADFELT

## INFORMASJON til naboar - Oktober 2015

# Forarbeid i høve sprenging i Hogaåsen



### Bakgrunn/fakta:

*Utbygging av Hogaåsen bustadfelt*

- Oppstart hausten 2015
- Ferdigstilt mai 2017
- 39 tomter for frittliggande bustadar
- 11 dekar for konsentrert utbygging
- To leikeplassar
- Høgdebasseng for nye Nordfjordeid vassverk
- Ridedsti/skogsveg til Myklebustsætra
- Samla er Hogaåsen-feltet på over 150 mål og vil totalt utløyse ca 120 einebustadtomter og ni område for leilegheiter

### Befaring

Opparbeidinga av Hogaåsen bustadfelt er godt i gang. Sprengingsarbeidet har så langt vore konsentrert aust og midt i feltet og nærmar seg no området som grensar inn mot Myklebuståsen. I høve sprenging i nærleiken av Myklebuståsen gjennomfører vi ei rutinemessig befaring og fotografering av grunnmurar, trapper, utvendig flis etc på dei husa som ligg tett inntil anleggsområdet. Dette for å sikre og dokumentere tilhøva. *I samband med dette er det behov for å gå inn på dei aktuelle eigedomane.* Vi håper vi har dykkar samtykke til å gjere dette. Fotograferinga er planlagd gjennomført i veke 43.

Skulle De ha innvendingar, kommentarar eller spørsmål kring dette, så ta kontakt!

Kontaktperson Eid kommune, Einar Hessevik tlf. 908 68 741

Kontaktperson Aurstad AS, Ove Nes tlf. 974 22 499

### Status / framdrift for anleggsarbeidet i Hogaåsen:

Den planlagde ride-/turvegen aust i feltet er no under opparbeiding. Turvegen skal gå frå hestesenteret, gjennom Hogaåsen bustadfelt og vidare opp gjennom skogen mot Myklebustsætra. Denne vil bli nytta som intern transportveg i anleggsperioden, og såleis bidra til mindre anleggstrafikk i Myklebuståsen.

Arbeid med grøfter for leidningsanlegg i høve det nye vassverket og høgdebasseng på Myklebustsætra vil bli utført parallelt med opparbeidinga av turvegen. Det øvrige arbeidet består no i hovudsak av reinsking av berg for vegetasjon og jord, for å klargjere for vidare arbeid med grunnen.

• **Minner om at ferdsel i anleggsområdet ikkje er tillate; dette grunna risiko i høve arbeid med maskiner, graving av grøfter, sprenging etc.** Sprenging blir varsla med sirene med korte støt. Varslinga varer i 1-2 minutt. Det vil i snitt bli gjennomført 4-6 spengingar pr dag.

Med venleg helsing  
Eid kommune